

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 23.04.2008
Sakhandsamar: Ivar Eriksen
Saka gjeld: **Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin i Helse Bergen HF - status for prosjekt**

Arkivsak
2008/193/031
Styresak 038/08 B

Styremøte 07.05. 2008

Bakgrunn:

Helse Bergen HF har over fleire år arbeidd med planer om utbygging av nytt barne- og ungdomssenter for somatikk og psykiatri samt ny avdeling for psykosomatisk medisin. Planarbeidet har vore innarbeidd i helseføretaket sine investeringsplanar og er omtala kvar gong arealplanen for Helse Bergen har vore styrebehandla i helseføretaket.

Arbeidet var i utgangspunktet fordelt på tre ulike prosjekt; nytt barne- og ungdomssenter (BUS), nye lokal til barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling (BUPA) og psykosomatisk avdeling (APM). Dei tre prosjekta er nå samla i konseptet "Nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin" – i det følgjande omtala som BUSP. Prosjektet var per juni 2006 kostnadsberekna til ca 1,2 mrd kroner, men konseptet har nå ein førebels prislapp på 3,266 mrd kroner.

Bakgrunnen for denne saka er at administrerande direktør finn det nødvendig å orientere styret om prosjektet fordi det er brukt betydelige økonomiske ressursar på prosjektet utan at nødvendige vedtak er gjort i styret i Helse Vest RHF, jf. gjeldande prosedyre for investeringsprosjekt.

Administrerande direktør har sett i verk ein gjennomgang av saka som viser at det har svikta på fleire punkt undervegs i prosjektet. Sjølv om prosjektet ved fleire høve har vore til behandling i styret i Helse Bergen viser gjennomgangen av saka at administrasjonen ikkje på ein god nok måte har følgd opp det styret har vedteke mellom anna med omsyn til oppfølging vis à vis eigar. Eit framtrudande trekk er også at framdrifta i prosjektet internt i Helse Bergen synest å vere styrt av andre forhold og faktorar enn den fullmaktstruktur som er etablert.

Administrerande direktør finn også grunn til å understreke at saka viser at det er behov for å skjerpe samhandlingsrutinane mellom Helse Vest RHF og helseføretaka i denne type saker. Gjennomgangen viser at dialogen mellom Helse Vest og Helse Bergen ikkje har vore god nok. I tillegg kjem at sakbehandlinga i Helse Vest har tatt for lang tid.

BUSP-prosjektet er eit stort og viktig prosjekt. Administrerande direktør vil umiddelbart sjå til at saka blir brakt inn på eit rett spor i samsvar med dei rutinar og den fullmaktstruktur som gjeld for større investerings- og utbyggingsprosjekt. Det er allereie gjennomført eit møte mellom leiinga i Helse Vest og leiinga i Helse Bergen for å få klargjort kva som har skjedd. Prosjektet er samstundes stilt i bero i påvente av vidare behandling i Helse Vest. Det vil derfor ikkje påløpe yttarlegare kostnader i prosjektet før nødvendige vedtak ligg føre.

I det følgjande vil det detaljert bli gjort greie for korleis BUSP-saka har utvikla seg og vore behandla fram til no. Det vil parallelt bli peikt på dei feil som er avdekka i forhold til investeringsprosedyren. I tillegg vil det bli gjort greie for kva kostnad som er knytt til prosjektet per dato, kva som ligg føre av formelle bindingar til eksterne kontraktspartar og kva som no er helseføretaket sitt handlingsrom.

Saka inneheld innleiingsvis også ein kort orientering om gjeldande prosedyre for investeringsprosjekt. Avslutningsvis vil det bli fremma forslag til korleis saka bør handterast vidare og korleis Helse- og omsorgsdepartementet bør bli informert om saka. Det blir lagt opp til at styret gjer vedtak om den vidare behandling/handtering av saka.

Kommentarar:

Prosedyre for vedtak om og gjennomføring av investeringsprosjekt.

Styret i Helse Vest vedtok i styremøte 11. mai 2004, sak 039/04 B, "Prosedyre for beslutning om og gjennomføring av investeringsprosjekt". Prosedyren er seinare oppdatert ved behandling av sak 125/06 B i styremøte 14. desember 2006. Prosedyren klargjer følgjande forhold:

- overordna vedtaks- og styringssystem
- budsjettprosess og prioriteringar
- ulike fasar i arbeidet med investeringsprosjekt
- krav til underlag for dei vedtak som skal gjerast knytt til investeringsprosjekt
- vedtaksprosessar, mellom anna inneheld prosedyren fullmaktsstruktur og krav til å etablere ein såkalla "styringsdialog" for alle prosjekt større enn 50 millionar kroner.

Formål med prosedyren er å:

- sikre at berre dei rette investeringsprosjekta blir gjennomført
- sikre at investeringsprosjekt støtter opp under overordna mål og strategiar
- sikre eit godt underlag for dei vedtak som skal gjerast i dei ulike fasar av eit investeringsprosjekt
- sikre at prosjekt blir gjennomført innanfor vedtekne økonomiske rammes
- sikre ein klar ansvars- og myndighetsstruktur mellom Helse Vest RHF og helseføretaka

Prosedyren er gjort gjeldande for alle typar investeringsprosjekt og er lagt opp slik at ein skal kunne stoppe eller korrigere eit prosjekt på eit kvar trinn i prosessen.

Fullmaktsstrukturen er oppsummert slik:

1. *Prosjekt/kontrakter under 50 mill kroner*
Det enkelte HF har selv ansvar og myndighet til å beslutte gjennomføring av prosjektet.
2. *Prosjekt/kontrakter over 50 mill kroner*
Prosjekter/kontrakter over 50 mill kroner skal forelegges styret til Helse Vest RHF til godkjenning etter gjennomført forprosjekt. Det skal etableres en styringsdialog mellom HF og RHF i forkant.
3. *Prosjekt/kontrakter over 100 mill kroner*
Prosjekter/kontrakter over 100 mill kroner skal fremlegges styret i Helse Vest RHF til godkjenning både etter gjennomført konseptfase og etter forprosjekt. Det skal etableres en styringsdialog mellom HF og RHF før oppstart av konseptfasen.
4. *Prosjekt/kontrakter over 500 mill kroner*
Prosjekter/kontrakter over 500 mill kroner er underlagt den samme fullmaktsstruktur som under pkt. 3. I tillegg skal det gjennomføres ekstern kvalitetssikring av prosjektet hvor dette er bekreftet i eget vedtak i styret i Helse Vest RHF.

5. *Prosjekt/kontrakter over 1 000 mill kroner*
Prosjekter over 1 000 mill kroner skal fremlegges styret i Helse Vest RHF til godkjenning før oppstart av konseptfase.
Helse Vest vil ved prosjekter over 1 000 mill kroner vurdere opprettelse av egen prosjektorganisasjon som rapporterer direkte til Helse Vest.
Helse Vest RHF skal forelegge prosjekter over 1 000 mill kroner for departementet etter gjennomført konseptfase.

Kronologisk oversikt over handteringa av BUSP-saka

Innleiing

Ved den gjennomgang av saka som er gjort, er det blitt utarbeidd ein kronologisk oversikt over handteringa av prosjektet så langt. Oversikten følgjer saka som vedlegg (vedlegg 1) og inneheld ein kort lesarrettleiing innleiingsvis. Det vil i det følgjande bli gjort greie for korleis BUSP-saka har utvikla seg og vore behandla fram til no. Samtidig vil det fortløpande bli peika på moglege feil relatert til gjeldande investeringsprosedyre og på moglege svakheiter i investeringsprosedyren.

Perioden fram til oktober 2005

Styret i Helse Bergen HF behandla første gong sak om nytt barne- og ungdomssenter i styremøte 20. juni 2002. Styrevedtaket slo mellom anna fast to viktige forhold; All diagnostikk og behandling av pasientar under 18 år skulle bli brakt saman i ein organisatorisk eining og den samla verksemda skulle bli lokalisert til tomt mellom Sentralblokken og Haukelandsbakken der Barneklubben og psykiatrien i dag er plassert. Styret slutta seg vidare til at administrasjonen skulle arbeide vidare med å få realisert eit barne- og ungdomssenter basert på konseptet i rapporten.

Dei tre prosjekta som inngår i BUSP, er alle innarbeidd i arealplan 2004 – 2010 som blei behandla av styret i Helse Bergen HF 25. mars 2003, sak 57/03 D.

Frå 2004 blei det av styret sett av midlar i investeringsbudsjettet til arbeidet med prosjekta, jf. styret si behandling av revidert investeringsbudsjett for 2004 i styremøte 22. mars 2004 (sak 19/04 B) der det blei sett av 3 mill kroner og styret si behandling av investeringar 2005 i styremøte 22. april 2005 (sak 33/05 O) der BUS er budsjettert med 4 mill kroner og BUPA med 3 mill kroner.

Parallelt med denne fasen i arbeidet med BUSP ble det gjort vedtak i Helse Vest-styret om ny prosedyre for investeringsprosjekt. Alle helseføretaka blei gjort kjent med dei nye reglane, og styret i Helse Bergen HF blei orientert om prosedyren og gjeldande fullmakter og krav til styringsdialog i samband med behandling av styresak 80/05 O, Framdriftsplan/utbyggingsplanar for Helse Bergen, i styremøte 13. oktober 2005.

I denne styresaka blei det også gitt ein oversikt over status i alle prosjekt over 50 mill kroner med nærare opplysingar om kva fase prosjekta var i, jf den klargjering av ulike fasar i arbeidet med investeringsprosjekt som var blitt gjort i den nye investeringsprosedyren.

I tillegg inneheld styresak 80/05 tall for totalinvesteringar for dei tre prosjekta som seinare er samla som BUSP. Oversikten viser at BUS er i konseptfase og har eit investeringsnivå på 790 mill kroner, BUPA er berekna til 151 mill kroner medan APM er oppført med 50 mill kroner. Desse opplysingane viser at det allereie på dette tidspunktet skulle ha vore etablert ein styringsdialog med Helse Vest om BUS og BUPA, jf. punkt 3 i fullmaktsstrukturen som fastslår at styringsdialog skal vere etablert før oppstart av konseptfase for alle prosjekt over 100 mill kroner.

Plan- og designkonkurranse (hausten 2005 – juni 2006)

Haugsten 2005 inviterte Helse Bergen til ein plan- og designkonkurranse om BUSP. Styret i Helse Bergen blei først informert om konkurransen i styremøte 16. november 2005 (sak 89/05 B) – det vil sei etter at konkurransen var kunngjort. I saka blei det orientert om status i planarbeidet som på dette tidspunkt var ført fram til funksjonsanalysar og romprogram, og at det var sett i gang ein konkurranse for å få ulike idear og innspel til korleis dei ulike funksjonane best kan gjera bruk av det aktuelle tomteområdet. Det blei vidare vist til at det var sett av midlar til dette arbeidet i investeringsbudsjettet for 2004 og 2005. Styret blei invitert til å utpeike eit medlem av juryen til plan- og designkonkurranse.

Styret valde å utsette saka og bad om å få lagt fram nødvendig dokumentasjon for gjennomført idé- og konseptfase.

Saka blei på ny tatt opp i styremøte 16. desember 2005 (sak 100/05 B). I saka er det gjort greie for at ingen av dei tre utbyggingsprosjekta er førebudd fram til konseptfase og at ingen av prosjekta er klar for realitetsbehandling verken i styret i Helse Bergen eller styret i Helse Vest. Det er vidare vist til at tanken med plan- og designkonkurransen er å få hjelp til å få fram eit best mogleg grunnlag for framtidig planprosess. Styresaka inneheld også ei utgreiing for kva grunnlag plan- og designkonkurransen byggjer på.

Styret blei i saka også informert om investeringsprosedyren. Det blir vist til at konkurransen skal gje grunnlag for å leggja fram konseptrapportar for styret i Helse Bergen og for styret i Helse Vest. Det blir vidare informert om at det parallelt med plan- og designkonkurransen vil bli gjennomført den styringsdialog som investeringsprosedyren legg opp til. Styret tok saka til orientering og utpeikte eit medlem til juryen.

Gjennomgangen av saka viser at det heller ikkje i denne perioden blei etablert nokon styringsdialog, og det til tross for at styret blei fortalt at det skulle skje. Likevel er det slik at Helse Vest gjennom saker som omhandlar investeringar og utbyggingsprosjekt generelt og i meir uformell dialog, har vore orientert om prosjektet og kva storleik det var tale om. Helse Vest har derfor hatt full moglegheit til å etterlyse ein konkret styringsdialog kring saka dersom helseføretaket sjølv ikkje tok initiativ til å få sett styringsdialogen i gong.

Ein kompliserande faktor er at investeringsprosedyren i liten grad gir føringar for korleis ein slik styringsdialog skal gjennomførast og kva som er målet. Sett hen til føremålet med prosedyren må det likevel kunne stillast krav om at ein slik dialog skal vere knytt til eit konkret prosjekt og vere underlagt ein grad av formalitet og krav til innhald for å sikre føremålet og for å sikre at dei prosessane som blir kjørt blir gjennomsluttige og moglege å etterprøve.

Plan- og designkonkurransen er ein konkurranseform som er heimla i forskrift om offentlege innkjøp, og det er ein konkurranseform som det i mange samanhengar vil vere fornuftig å bruke. Eit sentralt poeng med den investeringsprosedyren som er etablert er at det skal vere mogleg å stoppe ein prosess eller korrigere ein prosess, på eitkvart steg i prosessen. Eit spørsmål som i denne saka gjer seg gjeldande, er om bruk av ein slik konkurranseform set slik fart på prosessen og driv den så langt og førar med seg så mange bindingar at styra si moglegheit til å stanse eller korrigere prosjektet blir vesentleg forringa. Det vil derfor bli vurdert om det for framtida bør bli stilt krav om at bruk av plan- og designkonkurransen skal forankrast i dei styrande organ, og at dette kravet bør bli innarbeidd i investeringsprosedyren.

I plan- og designkonkurransen blei seks leverandørar kvalifisert til å delta. Kvar av desse blei premiert med kr 300.000,-. Juryen offentleggjorde 15. juni 2006 kven som gjekk av med sigeren. I samband med offentleggjeringa blei det også opplyst at vinnarutkastet hadde ein prislapp på ca 1,2 mrd kroner og at nybygga utgjorde vel 40.000 kvm.

Det følgjer av investeringsprosedyren at prosjekt over 1 mrd skal fram for styret i Helse Vest RHF til godkjenning før oppstart av konseptfase, og at Helse Vest skal etablere styringsdialog med Helse- og omsorgsdepartementet. Det er i gjennomgangen av saka konstatert at slik styrebehandling ikkje har funnet stad, og det er heller ikkje etablert styringsdialog med departementet. Om det her ligg føre brot på investeringsprosedyren og kva feilen i så tilfelle består i blir eit spørsmål om BUSP på dette tidspunkt skal vurderast som eit prosjekt eller tre sjølvstendige prosjekt.

"Konseptfasen" – juni 2006 – juni 2007

Styret i Helse Bergen blei orientert om resultatet etter gjennomført plan- og designkonkurransen i styremøte 31. august 2006, sak 59/06 O. Det blei i saka skissert følgjande tentative framdriftsplan:

*Hausten 2006: Kontakt med vinnande arkitektar
Oppstart reguleringsplan
Styringsdialog med Helse Vest*

Vinter 2007: Skisse-/konseptrapportar for dei tre aktuelle prosjekta

*Våren 2007: Behandling av konsept i styra for Helse Bergen og Helse Vest
Eventuelt vedtak om oppstart forprosjektering*

*Vinter 2008: Behandling av forprosjekt i styra for Helse Bergen og Helse Vest
Eventuelt vedtak om oppstart detaljprosjektering/byggestart*

Vår 2009: Mogleg byggestart for psykiatriprosjekta

2011: Mogleg byggestart for Barne- og ungdomssenter

Det blei i det same styremøte – 31. august 2006 – også behandla ei sak vedrørende framdriftsplanar/ utbyggingsplanar for Helse Bergen. I denne saka blir det orientert om pågåande planprosessar og kor dei står i forhold til investeringsprosedyren, ressursforbruk og samla framdriftsplan og investeringsplan for prosjekta. Dei tre prosjekta som inngår i BUSP er oppgitt med dei same beløp som i sak 80/05. Det kan dermed sjå ut for at den kostnadsauke som kom til uttrykk ved juryen si kunngjering av konkurransegrunnlaget, ikkje er innarbeidd.

Helse Bergen har i samband med gjennomgangen av saka opplyst at styringsdialog med Helse Vest blei etablert i møte 3. november 2006 der representantar frå Helse Vest blei orienterte om det pågåande prosjekt for BUSP. Utover dette var det i løpet av vinteren 2007 også ein dialog mellom Helse Bergen og Helse Vest om oppbygging av konseptrapport.

Styret i Helse Bergen fikk seg førelagt ein konseptrapport for BUSP-prosjektet i styremøte 7. juni 2007, sak 45/07 B. Rapporten skisserer ein etappevis utbygging av til saman 62.912 kvm brutto på den aktuelle tomte. Etappe 1 omfattar lokal for psykiatrien og ein del fellesfunksjonar for psykiatri og somatikk, medan etappe 2 omfattar den somatiske delen av barne- og ungdomssenter. I styresaka er dei totale investeringane i prosjektet oppgitt til 3 266 millionar kroner.

Styret i Helse Bergen gjorde følgjande vedtak i saka:

- a. Styret tilrår at den framlagte konseptrapporten vert lagt til grunn for vidareført prosjektering av nybygg for barn, unge og psykosomatisk medisin, og ber om at dei to skisserte etappane for gjennomføring av prosjektet, vert fremja som separate forprosjekt.*
- b. Som del av forprosjektet føreset styret at det vert arbeidd vidare med tiltak som kan redusera kvadratmeterprisen i forhold til konseptrapporten.*
- c. Det må framforhandlast bindande avtaler med Universitetet i Bergen og Høgskulen i Bergen om finansiering og drift av areal til undervisning og forskning.*
- d. Finansieringsgrunnlaget for det skisserte "Barnas energisenter" må kvalifiserast nærare før forprosjektet vert lagt fram for godkjenning.*
- e. Konseptrapporten vert å sende til Helse Vest for handsaming/godkjenning.*

I etterkant av styremøte blei det den 20. juni 2007 gjennomført eit møte mellom Helse Bergen og Helse Vest der Helse Bergen orienterte om det konseptet som var utarbeidd. Det blei i møte også innleia ein dialog om den vidare handtering av saka.

Sommaren 2007 - dd

I Helse Vest har det i tida etter møtet i juni 2007 funne stad intern sakebehandling kring prosjektet. Det har vore innhenta opplysingar om BUSP-prosjektet si økonomiske utvikling og vore dialog med Helse Bergen der det mellom anna er varsla at ein har behov for å gjere nærare vurderingar av prosjektet før ein tar endeleg stilling til det.

I løpet av hausten 2007 blei saka stilt i bero i Helse Vest i påvente av ein gjennomgang av alle helseføretaka sine investerings- og utbyggingsplanar. Brev om dette blei sendt helseføretaka den 4. november 2007. Som ein oppfølging av brevet blei det mellom anna gjennomført to videomøtar med Helse Bergen i november og desember 2007. Desse møta handla ikkje om BUSP, men om investerings- og utbyggingsplanar generelt.

På tross av at konseptet ikkje er styrebehandla og godkjent av styret i Helse Vest RHF har Helse Bergen starta opp forprosjektet som per dato har pådratt helseføretaket betydelege kostnader, jf. nedanfor. Dette inneber nok eit brot på investeringsprosedyren som krev styregodkjenning i Helse Vest før forprosjekt kan setjast i gang.

Prosjektet er no stilt i bero.

Oversikt over bruk av økonomiske ressursar i prosjektet

Helse Vest har som ledd i gjennomgang av saka bedt Helse Bergen om å gjere greie for kva økonomiske ressursar som er brukt i prosjektet. Helse Bergen har i e-post av 17. april 2008 opplyst følgjande:

BUSP etappe 1 + 2. Kostnader relatert til plan- og designkonkurranse, konseptfase og reguleringsplan	
Eigne timer	1.259.464
Konkurransепremie	1.800.000
Honorar	7.998.729
Reguleringsplan	2.026.948
Miljøkartlegging	756.000
Andre utgiftar	729.677
	14.570.818
Mva	2.117.799
Totalt	16.688.617

BUSP etappe 2. Kostnader relatert til forprosjekt (anslag)	
Eigne timar	1.250.000
Honorar	23.000.000
Andre utgiftar	730.000
	24.980.000
Mva	5.932.500
Totalt	30.865.000
	Av beløpet kr 30.865.000 er 19.500.000 rekneskapsført i 2008.

Inngåtte kontraktar – vurdering av Helse Bergen sitt handlingsrom

Advokatfirma Thommessen ved advokat Svein Aage Valen har på oppdrag frå Helse Vest/Helse Bergen blitt bedt om å gjere ei vurdering av kva forplikningar og rettar som kviler på Helse Bergen ovafor tredjepartar i forhold til BUSP-prosjektet. Oppdraget har bestått i å ta stilling til kva handlingsrom Helse Bergen har dersom det frå ein byggherreståstad skulle vere ønskjeleg å gjere endringar i prosjektet innanfor dei kontraktar som er inngått. Tanken har vore å klarleggje dei kontraktsrettslege konsekvensane av at prosjektet eventuelt blir utsett, avlyst, nedskalert eller endra på anna måte.

Det ligg føre to kontraktar som har vore vurdert; Avtale mellom Helse Bergen HF v/prosjektkontoret og COWI AS om prosjektering av "Haukeland Universitetssjukehus (HUS), barne- og ungdomssenter, psykosomatisk senter" og avtale mellom Helse Bergen HF og Arkitektgruppen "BUSP" v/KHR om prosjektering av nytt senter for barn, unge og psykosomatisk medisin – BUSP.

Advokat Valen har utarbeidd eit notat datert 25. april 2008 og som følgjer saka som vedlegg. Slik det ser ut vil begge kontraktane kunne bli sagt opp utan at det utløyser nemneverdig ansvar for Helse Bergen. Det er likevel peika på nokre usikkerheitsfaktorar knytt til arkitektkontrakten.

Det følgjer av begge kontraktane at Helse Bergen har rett til å bruke det materialet som er utarbeidd i forprosjektet under den føresetnad at det blir brukt til fullføring av prosjektet. Dersom det blir gjort

omfattande endringar i prosjektet sitt omfang og/eller karakter vil likevel Helse Bergen ikkje utan vidare kunne bruke materiale utarbeida i prosjekteringsfasen utan særskilt avtale.

Dersom det blir gjort vesentlege endringar av prosjektet vil det også kunne utløyse krav om gjennomføring av ny konkurranse etter reglane for offentlege innkjøp. Dersom det er tale om å inngå nye kontraktar med andre prosjekteringsansvarlege vil det utan tvil måtte gjennomførast ny konkurranse.

Reglane for arkitektskonkurransen legg også avgrensingar på Helse Bergen sin moglegheit til å overlate arbeidet til vidare utvikling av andre enn dei som var med i konkurransen. Ein slik rett til vidare bruk av andre krev at rettane til dette blir erverva.

Gjennomgangen viser at dersom det blir gjort endringar eller blir brakt inn nye prosjekterande vil det oppstå mange konflikhtar/spørsmål kring rettane og potensielt ansvar. Desse tema reiser kompliserte opphavsrettslege og kontraktsrettslege tolkingsspørsmål. I den grad det er aktuelt å gjere slike endringar, er det anbefalt at det blir gjort ein konkret vurdering basert på korrekte og presiser faktiske føresetnadar.

Vidare handtering

Helse Vest har sett i verk arbeidet med å førebu ei sak for Helse Vest-styret for realitetsbehandling av BUSP-konseptet. Dersom det lar seg gjere vil denne bli fremma til behandling i junimøtet. Saka vil innehalde både ein helsefagleg, ein økonomisk og ein byggfagleg vurdering av konseptet. Sentrale spørsmål som vil bli belyst i saka er:

- Helseføretaket si økonomiske bæreevne
- kva betyr ein realisering av prosjektet for andre investeringsprosjekt?
- kva skal vere designkriteriet for utbygginga?
- kva er dei helsefaglege vurderingane som er lagt til grunn for den valde løysinga?
- kva driftsmessige konsekvensar vil BUSP konseptet ha for Helse Bergen?
- kva vurderingar og dokumentert kost-nytte, samt risikobetraktningar er lagt til grunn for den valde løysinga, jf. at konseptrapporten inneheld vurderingar til 0-løysing, entrepriseløysing, samt forventa framdriftsplan?
- kva vurderingar ligg til grunn for dei utvidingar som har skjedd knytt til utleigeareal i prosjektet?

I saka vil det også bli innstilt på at det blir etablert eit eige prosjektstyre for denne utbygginga slik styret har fatta prinsippvedtak om, og at dette prosjektstyre får sin samansetting og mandat gitt av Helse Vest.

Administrerande direktør vil elles understreike at det som ledd i saksførebuinga til styrebehandling av konseptet, vil helse Vest etablere ein styringsdialog med Helse- og omsorgsdepartementet i samsvar med investeringsprosedyren

Forslag til vedtak:

1. Styret tar den utgreiing som er gitt om BUSP-prosjektet til orientering.
2. Styret ber om at konseptet for BUSP blir tatt opp til realitetsbehandling i styret om mogleg i styremøte i juni.
3. Styret legg til grunn at det blir etablert styringsdialog med Helse- og omsorgsdepartementet før framlegg av konseptet for styret.

Vedlegg 1 Kronologisk oversikt over handteringa av BUSP-saka samt relaterte saker som gjeld investerings- og utbyggingssaker generelt

Vedlegg 2 Juridisk vurdering frå Advokatfirma Thommessen v/advokat Svein Aage valen